

Saksgang

Utv.	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		28.04.2021

Tilskot til lågterskel fysisk aktivitet for barn og ungdom 2021

Forslag til vedtak

Vestland fylkeskommune vedtek å løyve 2 mill. kroner fordelt slik:

Søkn.nr.	Søkjar	Prosjektnavn	Tilrådd sum
1.	Askøy Fotballklubb	Tur med stjernelaget	avslag
2.	Askøy Orienteringslag	Stolpejakten Askøy	avslag
3.	Autismeforeningen i Norge Hordaland	Aktivitet og mestring med tilretteleggingsbehov	100 000
4.	Autismeforeningen i Norge Hordaland	Sommerleir med aktivitet og mestring	40 000
5.	Badmintonkretsen Vest	BARN & BADMINTON I SKOLEN 2021/2022	avslag
6.	Bergen Elite Ballklubb	Aktivitetstilbudet iLOOL	avslag
7.	Bergen og Hordaland Turlag	Klatretilbud for barn og unge	100 000
8.	Bergen og Hordaland Turlag	Inkluderande friluftsliv i Bergen og Hordaland Turlag	200 000
9.	Bergen og Hordaland Turlag	Kvardagsturar for store og små	100 000
10.	Bergen og Hordaland Turlag	Fersking på overnatting for ungdomskoler i Vestland Fylke	70 000
11.	Bergens Turnforening	Sirkus for barn 6-12 år	avslag
12.	Bjørnefjorden Golfklubb	FORE - SFO på golfbanen	avslag
13.	Dyktig 4h	Hengekøyehytte	avslag
14.	Fau, Hanøy Skole	Oppgradering av ballbinge	avslag
15.	Fjordane krets	Skyting som lavterskelidrett	avslag
16.	Gneist Fotball gutter 2013	utstyrstøtte til nyoppstartet lag	avslag
17.	Heiarvang Grendalag	Forbedret tilkomst og utforming Skjenstø	avslag
18.	Hordaland Friidrettskrets	Friidrett for alle - lavterskel nyrekryttering	avslag
19.	Hordaland Røde Kors	Inkludering og mangfold i alpinbakken	50 000

20.	Kvam Naturvernforbund	UNG TURGLEDE - trygg i natur	avslag
21.	Kvernbitt Idrettslag	Padling for ALLE	avslag
22.	Møhlenpris Velforening	Parkouranlegg på Møhlenpris	avslag
23.	Nbbf Region Vest	Basketball for alle	100 000
24.	Norges Cykleforbund - Sykkelskolen	Sykkelskolen - Norges Cykleforbund	avslag
25.	Norges Triatlonforbund	Lavterskel akvatlon Liavannet	avslag
26.	Os Turnforening	Os Turn Integreringsdager og sommerfotball 2021!	avslag
27.	Selbjørn Idrettslag	Treningstribune ved idrettsanlegget vårt	avslag
28.	Selbjørn Idrettslag	Sykkelsbane	avslag
29.	Sogn og Fjordane Orienteringskrins	Nærmiljøkart i Sogn og Fjordane - tilrettelegging for fysisk aktivitet, orientering og friluftsliv	30 000
30.	Sogn og Fjordane Skikrins	Utedagen 2021	100 000
31.	Sotra og Øygarden Jeger og Fiskarforening	AKTIVISERING AV UNGDOM	avslag
32.	Stiftelsen Ole Bull Akademiet	Danseglede	avslag
33.	Stord Cricket Klubb	Cricket for barn og ungdom og jenter	avslag
34.	Stord Golfklubb	Golf for barn og unge	avslag
35.	Stord Idrettslag	Lavterskeltildeling for barn og unge	avslag
36.	Team Eventyrstallen	Barne og ungdomsklubb	avslag
37.	Tennisgruppa i Voss Idrettslag	Tennisopplæring for barn og unge	avslag
38.	Tertnes Fotball Damer	program for fysisk aktivitet for barn og ungdom på Åstveit 2021	avslag
39.	Valestrand Idrettslag	Fysisk aktivitet for 1-3 klasse	avslag
40.	Vestland Idrettskrets	Aktivitetstilbod for barn og unge med særskilte behov - to tiltak i regi av Idrett Bergen Sør (IBS) og Bergen Handicapidrettslag (BHIL)	170 000
41.	Vestland Idrettskrets	Medverknadsprosess til utvikling av aktivitetshus - Uskedal IL	100 000
42.	Vestland Idrettskrets	Idrettsaktivitet i skuletid eller i tilknytning til skuletid - tiltak i regi av Voss kajakkklubb og Voss MTB-klubb (A), Bremnes IL (B), SK Trane (C), og Vestland idrettskrets (D)	50 000
43.	Vestland Idrettskrets	Tilgjengeleg trenarutdanning for ungdom - i regi av Odda Fotballklubb	60 000
44.	Vestland Idrettskrets	Nye aktivitetstilbod eller gjenopptak av aktivitetstilbod - tiltak i regi av Stord Cricketklubb (SCK), Bergens Turnforening (BT) og Voss IL - tennisgruppa (VT)	80 000
45.	Vestland Idrettskrets	Jenter i fokus - jenteprosjekter i idretten	100 000
46.	Vestland Idrettskrets	Sommerferieaktiviteter i Vestland fylke	150 000
47.	Vestland Idrettskrets	Åpen hall og lavterskel allidrett hos idrettslag i Vestland fylke	100 000
48.	Vestland Idrettskrets	Idrettsaktiviteter i ferier- og planleggingsdager	150 000
49.	Vestland Idrettskrets	Ressursgrupper i idrett og inkludering	150 000
50.	Vestland idrettskrets m/Bergen Cykleklubb	Sykkelopplæring for Barn og ungdom i nærmiljøet (Åstad, Bergen)	avslag

51.	Voss Kajakklubb	Utedag med elvepadling og stisykling	avslag
52.	Voss Røde Kors lokalforening	Inkludering og mangfold i alpinbakken	avslag
53.	Voss Utferdsdag	Opptur 2021	avslag
54.	Wayback Bergen	Paintballturneringer for ungdom i Vestland fylke	avslag
55.	Åsane Seilforening	Samtrenings for jolleseilere 8-15 år	avslag
			2000000

Det vert vist til vedlegget med oversikt over søkjavar for grunngjeving av vedtaket. Løyvingane vert dekt innanfor vedteke budsjett for 2021 frå post 460.201, tilskot lågterskel fysisk aktivitet barn og ungdom.

Samandrag

Tiltaka som får tilskot skal bidra til å få fleire barn og unge i Vestland fysisk aktive kvar dag. Regionale ledd av frivillige organisasjonar innan idrett og friluftsliv kan søkje om tilskot til aktivitet i sine lokallag og klubbar. Tiltaka skal gje ny kompetanse og overføringsverdi til kommunar og organisasjonar. Tiltak med stor grad av medverknad blir prioriterte. Organisasjonar vert oppmoda til å samarbeide om tiltak på tvers av kommunane i fylket. Det vart vedteke [reviderte retningslinjer](#) for ordninga i hovudutvalsmøtet 25. november 2020. Ordninga vart lyst i heile Vestland med frist 15. februar 2021. Det er komen inn 55 søknadar, med ein samla søknadssum på 6 840 550 kroner.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Britt Karen Spjeld
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Denne tilskotsordninga vart endra i høve fylkessamanslåinga. Ordninga har eksistert i tidlegare Hordaland, og er no vidareført til Vestland. Retningslinene er endra for å gjer ordninga meir målretta og for å få meir koordinerte, regionale tiltak. Regionale ledd av frivillige organisasjonar kan søkje om tilskot til lågterskelaktivitet i sine lokallag og klubbar, og må prioritere mellom dei innkomne søknadane. Dette inneber at ein del tidlegare søkerar ikkje lenger kan søkje direkte i ordninga.

Fylkeskommunen oppmodar til å samordne og søkje om meir målretta tiltak mot dei prioriterte målgruppene. 2020 var første året med dei nye retningslinene, og i 2021 ser vi auke i søkerar og større geografisk utjamning.

Føremål med ordninga

Tiltaka som får tilskot skal bidra til å få fleire barn og unge i Vestland fysisk aktive kvar dag.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering, jf. vedteke reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering, punkt 3.

Budsjett 2021:	Sum kr 2 000 000
----------------	------------------

Søknadsfrist 2021:	Sett inn dato 15. februar
Vedtak kriteria:	Utval Hovudutval for kultur, idrett og integrering dato 25.11.2020 PS nr 164
Kriteria og informasjon om ordninga:	Link til nettsida

Vår 2021

Tal på søknadar:	Tal søknader 55
Tal på søknadar som vart tildelt støtte:	Tal søknader 20
Samla søknadssum:	Sum kr 6 840 550
Samla løyving:	Sum kr 2 000 000

Fylkesrådmannen sine overordna kommentar til innstillinga:

Det er framleis mange lokale lag som søker direkte til ordninga. Dei fleste er lokale idrettslag, samt nokre grendalag og andre organisasjonar. Det er forståeleg at nokre søkerar reagerer på at dei ikkje lenger kan søkje direkte, t.d. idrettslag, kommunar og ungdomsklubbar. Tiltaka som desse søker tilskot til, er oftast lokale og med liten overføringsverdi. Fylkeskommunen har difor lagt om ordninga for å sikre at vi tek i vare rolla som regional utviklar og ikkje går inn i kommunale oppgåver. Tilskotsordninga vil bli evaluert for å sikre at løyvingane blir målretta og underbyggjer målsettinga.

Absolutte kriteria

Tiltaka skal vere retta mot lavterskel fysisk aktivitet for barn og unge. Det vert ikkje løvd midlar til anlegg og infrastruktur eller drift.

Vurderingar og verknader

Utviklingstrendar viser at samansettinga av befolkninga er i endring. Vi ser nye fritidsvanar, ulik deltaking i fritidsaktivitetar, kjønns- og aldersforskjellar, og avgrensa ressursar. Vestland fylkeskommune skal bidra til å oppfylle FN sine berekraftmål gjennom m.a. gode og inkluderande lokalsamfunn..

I denne ordninga blir det lagt stor vekt på berekrafta til tiltaka. Vesentlege element er medverknad frå brukargruppene, forankring gjennom samarbeid og ressursdeling og at tiltaka er kunnskapsbasert. Dette er viktige perspektiv og utfordringar i høve det å gje tilbod om lavterskel fysisk aktivitet for barn og unge. Desse perspektiva ligg til grunn for tildelinga.

Desse tiltaka skal prioriterast i 2021:

- Tiltak retta mot inkludering gjennom idrett og friluftsliv.
- Tiltak for å nå minst ein time fysisk aktivitet kvar dag i grunn- og vidaregåande skule.
- Tilskot til oppstart og vidareutvikling av opne idrettsanlegg for eigenorganisert aktivitet for barn og ungdom. (Merk at det ikkje vert løyvd tilskot til ordinær drift eller til anlegg som kan søke spelemidlar. Det vert heller ikkje gitt tilskot til utstyr.)
- Tilskot til utvikling og utprøving av nye aktivitetar.

Søknader som er sendt inn direkte frå kommunar, lokale lag og organisasjonar får avslag, då dei ikkje har søkt i tråd med retningslinene. Søkjarane har fått tilbakemelding om dette etter kvart som søkerne er kome inn.

Økonomi:

Tildelinga er i samsvar med budsjett. Tilskotsordningar på kultur og idrettsfeltet er eit økonomisk verkemiddel og står sentralt i den regionale kulturpolitikken til Vestland fylkeskommune. Det er 2.000.000 kroner til fordeling over budsjettpost 460.201.

Klima:

Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at dei omsøkte tiltaka har monaleg klimaavtrykk.

Folkehelse:

Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle: Kulturopplevelingar har positiv verknad på folkehelsa. Tiltaka er med å gjennomføre det overordna målet for folkehelsearbeidet i Vestland som er å bidra til eit langsiktig og systematisk arbeid som gir fleire gode leveår, og som utjamnar sosiale helseforskellar.

Mange av tiltaka er med på å utjamne sosiale skilje, auke livskvalitet for folk i Vestland og bidra til inkludering og integrering.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Tildelinga er i tråd med dei to gjeldande regionale planar på område: Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, *Kultur for alle*, og regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025, *PREMISS: KULTUR* set mål for tilskot til kunst- og kulturføremål.

Den tilrådde fordelinga for tilskotsordninga har sett til følgjande mål i utviklingsplanen:

Mål 3 - Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv, ved å utvikle menneskevenlege og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar, jf. strategi 3.1.

Mål 4 - Like moglegheiter til å delta i verdiskaping, ved å fremje opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur, frivillig arbeid og sivilsamfunn, jf. strategi 4.2.

Konklusjon

Fylkesdirektøren syner til drøftingane ovanfor og rår hovudutval for kultur, idrett og integrering til å gjere vedtak i tråd med framlegget.

Det har vore god dialog med dei regionale aktørane for å legge ordninga til rette til det beste for søkerne. Dette har vore gode prosessar, og den nye organiseringa av ordninga har vorte godt motteke. Fylkesdirektøren er positiv til denne måten å arbeide på, og har fått positive tilbakemeldingar frå m.a. Vestland idrettskrets, som også ser meirverdien av ei samordning og regional koordinering av tilskotsordninga for å sikre berekraft i utviklingsprosjekta.